

Referat frå Årsmøtet i Gjesdal sokn

Oltedal kyrkje 13. mars 2024 kl 18.00

Det var på førehand sendt ut ei fyldig årsmelding på e-post, og denne vart også lagt fram på årsmøtet.

Det møtte i underkant av 30 personar

Leiar i soknerådet, Olga Slettebø Gilje, ynskte velkomen, og presenterte styret slik det har vore etter soknerådsvalet i haust.

Sidan september 23 har styret vore slik:

Olga Slettebø Gilje, leiar

Svein Madland, nestleiar

Faste medlemer:

- Oddrunn Helene Dubland Sivertsen
- Berit Sola Gilje
- Jarle Gilje
- Svein Ingve Nødland
- Tor Olav Varhaug (Vikarierende sokneprest)

Varamedlemer:

- Bjørg Bollestad (1. vara)
- Arnstein Frafjord (2. vara)
- Else Fjermestad (3. vara)
- Eva Madland (4. vara)

Endringar i staben:

Bjørn Inge Hauge har frå august teke over etter Leiv Nyborg.

Kristine Hiim slutta som trusopplærar i august, og Solveig Steinberg Høyland tok over etter henne. Kristine hadde og stilling som Dagleg leiar. Frå august 23 overtok Sverre Undheim denne stillinga.

Gudstenesteliv

Tor Olav Varhaug gjekk gjennom denne delen.

Gudstenestefrekvensen fylgjer det som er forordna av biskopen, med ei gudsteneste i månaden for dei ulike kyrkjene våre.

Det kan sjå ut som om talet på kyrkjegjengarar no er tilbake mot normalt etter pandemien. Vi saknar barnefamiliane!

Fyldigare omtale er å finna i årsmeldinga.

Born og unge

Kateket Bjørn Inge Hauge gjekk gjennom denne delen.

Han viste til at det i Gjesdal sokn føregår mykje trusopplæring, både i heimane, i kyrkje og bedehus. Det er frå kyrkja si side mange tilbod for borna på ulike alderstrinn, sjå om dette i årsmeldinga.

Det vart understreka at det trengst vaksne leiarar til ymse aktivitetar

Det er i gang arbeid for å laga ein plan for samarbeid mellom kyrkje og skule.

Planen skal oppdaterast våren -24.

Detaljar er omtala fyldig i årsmeldinga.

Diakoni

Diakon Tonje Vilberg Bjerkreim gjekk gjennom dette emnet.

Diakoni er omsorg og inkluderande fellesskap, og vi fekk god orientering om dette viktige arbeidet.

Sjå i årsmeldinga for detaljar.

Kyrkjejubileum i oktober -23. Gjesdal kyrkje 175 år.

Leiar i jubileumskomiteen; Geir Oluf Hareland, fortalde om jubileumsprogrammet, som var samla om 2 arrangement, ein kulturkveld og ei jubileumsgudsteneste. Detaljar finst i årsmeldinga.

Olga orienterte om bispevisitasen som gjekk føre seg ei veke, overgangsveka august/september -23. Når biskopen kjem på visitas, skal det førast tilsyn med kyrkjelydsarbeidet og tilhøva i kyrkjelyden. Biskopen hadde og møte med kommunen, og vart gjort kjend med tilhøva i skulane. Ein dag var det rundtur i kommunen.

Prost og sokneråd skal avslutta / oppsummera visitasen. Dette er ikkje gjort enno.

Det mangla også informasjon om julekonserten i Gjesdal kyrkje 1. desember, med Green Sax.

Økonomi

Gjennomgangen av økonomien var ved dagleg leiar Sverre Undheim.

Tala viser at økonomien er knapp. Når det gjeld tala i rekneskapen, viser eg til rekneskapen som ligg ved årsmeldinga.

Det vart peika på at inntektene frå fast gjevarteneste er altfor låge. Ein komite som skal arbeida med å betra dette er under arbeid. Oppmodinga på årsmøtet var å bli med som fast gjevar, og for dei som alt er med: Gje meir!

I ein forklarande kommentar til rekneskapen kom det fram at det er lånt 50.000 kr frå «million-kontoen», som er ei testamentarisk gåve spesifikt til bruk til Gjesdalkyrkja. Rentene frå denne kontoen er også brukt.

Nokre kommentarar som kom fram mot slutten:

Mange saknar kunngjeringar av gudstenestene, og det vart etterlyst annonsar i Gjesdalbuen. Diverre er dette blitt svært dyrt, og det er grunnen til at dette manglar. Det kom framlegg om meir å bruka e-post og SMS i kunngjeringane. Det vart og peika på at vi finn oversikt over gudstenestene i Menighetsbladet, som vi er glade for er i gang igjen etter at det var varsla nedlegging.

Olga avslutta det formelle møtet, og etterpå fekk vi servert god mat, kaffi og kaker.

To frivillige som no takkar for seg, vart heidra for lang og tru teneste. Det var Olav Vadla, som i svært mange år har vore klokkar i Gjesdal kyrkje. Likeeins Berit Sola Gilje, som har arbeidd med rekneskapen i ei årrekke. Dei fekk overrekt kvar sitt innramma eksemplar av Vår Far. Samstundes fekk dei takk frå oss alle.

Heilt til slutt samlast vi i kyrkjeromet, der Sverre gledde oss med ei fin framføring av Sigvart Dagsland sin song «Djupe spor». Tonje hadde ei kort andakt, og til sist leia Tor Olav oss i Fadervår.

Bjelland 15.03.2024



Anne Lise Tyssebotn Gjesdal
Referent